

**KONTROLLUTVALET I
SYKKYLVEN KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 3. oktober 2013, kl.14.00

Møtestad: Blåsalen

Møtet vart leia av: Odd Jostein Drotninghaug

Elles tilstades:

Sigmund Valbø, Grethe Melseth, Ole Bjørn Roald og Anita Søvik

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen i sak 32/13.
Frå Sykkylven kommune møtte økonomisjef Arild Bergstrøm i sak 30/13.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 28/13

GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 11. SEPTEMBER 2013

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 11. september 2013 blir godkjent.

SAK 29/13

**STATUS I SAK OM DERIVATKONTRAKTAR MELLOM SYKKYLVEN KOMMUNE OG NORDEA
BANK AS**

Det vart gjort ei oppsummering over status og dei utfordringane som ligg i saka i tida som kjem.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet følgjer saka tett.

SAK 30/13

OM REKNESKAPSRAPPORT 2. TERTIAL 2013

Økonomisjef Arild Bergstrøm orienterte.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber kommunerevisjonen kome tilbake til kontrollutvalet med ei skrifleg utgreiing av sentrale problemstillingar vedkomande underskotssituasjonen i forpliktande plan og tertialrapport nr. 2, 2013.

SAK 31/13 INNKOMNE FORESPØRSLAR TIL KONTROLLUTVALET

Forespørslane vart referert i møtet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Når det gjeld spørsmål om midlar til leikeplass og veg ved Sørestranda skule, vil kontrollutvalet kome tilbake med spørsmål til rådmannen i neste møte. Dokumentet frå Mørelaft om merknad til reguleringsplan blir ikkje behandla.

SAK 32/13 OM EIGARSKAPSMELDING SYKKYLVEN KOMMUNE (Saka kom opp under eventuelt)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Det blir vist til omtalen av Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS i eigarskapsmeldinga til Sykkylven kommune. Kontrollutvalet reagerer kraftig på både språkbruk, innhald og rolleforståing i eigarskapsmeldinga sin omtale av Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat IKS.

Kontrollutvalsekretariatet er kontrollutvalet sin viktigaste samarbeidspartner. Samspelet mellom kommunestyret og kontrollutvalet tilseier at sekretariatet er organisert slik som kontrollutvalet og kommunestyret til eikvar tid finn det tenleg, på same måte som kontrollutvalet etter kommunelova og kontrollutvalforskrifta er det einaste organet som kan gi innstilling til kommunestyret om organisering m.v. av revisjonen. Det følgjer av kontrollutvalforskrifta §20 at det er det sekretariatbehovet som utvalet til eikvar tid meiner å ha som skal tilfredsstillast. Rådmannen har på utvalet sitt felt ingen instruksjonsmynde, heller ikkje overfor kontrollutvalet sitt sekretariat. Rådmannen, som tvertimot er underlagt kontrollutvalets tilsyn og kontroll, må ikkje påta seg kontrollutvalet si rolle i slike saker.

Meldinga inneheld også to faktaopplysningar. Begge desse er feilaktige.

Med bakgrunn i dette vedtaket blir saka førelagt kommunestyret med slik

innstilling:

Den delen av eigarskapsmeldinga som omhandlar Sunnmøre Kontrollutvalsekretariat blir trekt.

Odd Jostein Drotninghaug leiar (sign.)	Sigmund Valbø medlem (sign.)	Grethe Melseth medlem (sign.)	Ole Bjørn Roald medlem (sign.)	Anita Søvik medlem (sign.)
--	------------------------------------	-------------------------------------	--------------------------------------	----------------------------------